



Har du allereie kjøpt julebrusen på Spar ?  
 Trur du at det berre er eitt slag som er aktuelt?  
 Svarar du ja på desse spørsmåla bør du  
 tureleg ta saka opp til ny vurdering. På Spar har  
 dei 5 slags julebrus og det er ein heilt annan  
 enn Hansa-brusen som er best i test. Det er  
 ein brus som i motsetnad til dei 4 andre ikkje  
 er raud, men brun.

Vinnarbrusen er ein gånål travar frå Mjøsområdet.  
 Den har logoane til bryggeria i Lillehammer og Hamar.  
 Dei er forlengst nedlagde, men Ringnes har overteke  
 produksjonen og har åpenbart suksess med produktet.

Faktisk kan dei opplyse til ei patriotisk presse i  
 Mjøsområdet at forbukarane er svært fornøgde, så  
 fonøgde at 18 prosent av dei 15 millionar liter julebrus  
 som vert drukke i året er denne brusen. På andreplassen  
 ligg Dahl i Trondheim med 11 prosent. 52 000 på Facebook  
 likar den brune julebrusen,

For ordens skyld: Dei 4 andre brus-produzentane som  
 er representerte på Spar er Ringnes, Lerum, Hansa og  
 Norgesgruppen. På biletet over finn du alle 5. Den brune  
 står i midten....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen